



**Veterinærinstituttet**  
National Veterinary Institute

# Notat

---

Oppsummering av utgreiingsarbeidet i Rana-området i 2016

Utarbeida for Mattilsynet

Februar 2017

## Bakgrunn

Gyrodactylus salaris vart påvist i Ranaelva hausten 2014, etter fiske under overvakingsprogrammet til Mattilsynet (OK). Det vart gjennomført ei smittereduserande behandling i 2014 og ei fullskala behandling med CFT-Legumin i 2015. Epidemiologiske kartlegging vart gjennomført i 2014 og arbeidet fortsatte i 2015 med undersøkingar i fleire vatn i nedbørsfeltet til Ranaelva. I 2015 vart til saman 1101 røyer analysert utan funn av G. salaris.

Arbeidet vart vidareført i 2016, med nye undersøkingar. Dette notatet beskriv arbeidet for 2016.

## Arbeidet i 2016

I samsvar med rapporten frå VI vart det skissert tre tiltak i bestillinga frå Mattilsynet:

- 1) Gjennomgong av intervju med eigarar av gårdsdammane
- 2) Prøveuttak av røye

1)

Den lokale gruppa intervjuar grunneigarane av forskjellige gårdsdammar i slutten av 2015. Arbeidet vart oversendt i årsskiftet 2015/2016. Av desse var det to dammar med utsettingar eller usikre opplysingar. Desse vart kontakta av VI, for å kvalitetsikre opplysingar og å velje ut eventuelle dammar ein skulle undersøke. Det vart fiska i ein dam.

Gruppa kom òg med fleire forslag til kva vatn ein kunne undersøke.

Det var i 2016 to møter med gruppa, eit telefonmøte og eit møte i Mo i Rana.

2)

MON (Mosjøen og Omegn Næringsselskap) har, på oppdrag frå VI, fiska i utvalte vatn. Vatna vart valt ut frå gyro-historikk i området og forslag frå den lokale gruppa.

Fiske og handteringa av fisk og finner skjedde etter arbeidsinstruks utarbeida av VI. Prøvematerialet vart sendt inn til analysar hjå Veterinærinstituttet i Oslo.

Tabell 1. Fiske, fangst og innsats i utgreiingsfiske gjort av Statskog og MON.

| Lokalitet                | Garnnetter | Rusenetter | Analysert røyer |
|--------------------------|------------|------------|-----------------|
| Nordtjønna               | 8          |            | 0               |
| Bergtjønna               | 3          |            | 0               |
| Ørtfjellvatn             | 14         |            | 71              |
| Kallvatn                 |            | 238        | 92              |
| Rana Gruber              | 40         |            | 53              |
| Rana Gruber Dam Øst      | 18         |            | 47              |
| Dam- etter intervjurunde |            | 35         | 0               |
| <b>Totalt</b>            | <b>83</b>  | <b>273</b> | <b>263</b>      |

Det vart ikkje påvist *G. salaris* på dei 263 analyserte røyene i 2016. Innsamla røyetal er truleg ikkje nok for å heilt sikkert konkludere med fråvær *G. salaris*, talet avheng av signifikansnivå og prevalens i populasjonen. Arbeidet har prioritert vatna og område på bakgrunn av informasjon som har komme inn, epidemiologiske kartlegginga og undersøkingar frå tidlegere år. Gjennomført fiske er likevel ein god indikasjon på fråvær av parasitten.

Arbeidet vil bli vidareført i 2017, da som ein del av Mattilsynet sine overvakingsprogram (OK-program).